

Kåring av årets mestvinnande i avdeling Sogn og Fjordane

Endring av statuttar vedtatt på årsmøtet 2017. Statuttane er gjeldande frå og med 2017.

NSK avd. S og Fj kårar kvart år årets mestvinnande hund bustatt i avdelinga, årets debutant og årets junior. Minst ein i familien må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for.

Årets mestvinnande hund:

NSK sin gjeldande poengskala for årets mestvinnande brukshund og/eller årets allsidigheitsspaniel vert brukt på fylgjande to måtar og med fylgjande unntak:

- A. Poeng kan reknast frå dei tre beste prøvane og/eller utstillingane. Det kan altså vera tre resultat frå ei grein eller tre resultat frå to eller tre greiner. For poeng frå utstilling sjå avdelinga si eigen poengskala.
- B. Alternativt kan det reknast poeng lik den som for kåring av årets allsidigheitsspaniel. Då kan det reknast eit poeng frå kvar grein og poeng på utstilling er lik den som vert brukt for kåring av årets allsidigheitsspaniel.

NSK Sogn og Fjordane	
Årets mestvinnande	
Utstilling	Poeng
BIS-NKK	200
BIS 2-4 NKK	190
BIS-NSK	180
BIS-2-4 NSK	170
BIS andre	160
BIS 2-4 andre	150
cert/CACIB NKK	140
Res cert/res CACIB NKK	130
	120
cert NSK	110
	100
CK NSK	90
Cert andre	80
CK andre	70
	60
Excellent	50
	40
Very good	30
	20
Good	10

Årets debutant:

Innsats i avdelinga, slik som frammøte på møter, kurs, treningar, hjelpe til på arrangement, starte på avdelinga sine prøver osv. tel like mykje som konkrete resultat oppnådd. Årets debutant vert tildelt førar/familie og kan berre vinnast av same førar/familie ein gong. Styret står fritt til å kåre FLEIRE vinnarar eit og same år og treng ikkje å dele ut prisen dersom dei ikkje finn aktuelle kandidatar. Minst ein i familien til årets debutant må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for.

Årets junior:

For å vera med i konkurransen kan junioren fylle 18 år det året det gjeld, men ikkje vera eldre. All aktivitet tel, men det må vera junioren sjølv som fører hunden/er med på aktiviteten. Minst ein i familien til junioren må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for.

Gjeld alle:

Alle resultat som medlemmer ynskjer skal telja med må sendast til styret innan 31.12 kvart år. Styret brukar også referat frå avdelinga sine aktivitetar og listene til NSK sentralt for å finne aktuelle vinnarar. Vinnaren vert kåra på årsmøtet. Alle vinnarar får eit «gåvekort» på kr. 200 som kan nyttast på avdelinga sine aktivitetar fram til og med neste årsmøte.